



Sd Dep - postmottak SD

Dato: 26.08.2014
Vår ref.: 2014/10571-9
Saksbehandlar: marerik
Dykkar ref.:

Belønningsordninga - Auka økonomiske rammer i 2014 - oppfølging av møte 14. august 2014

Viser til brev datert 4. juli 2014 «Belønningsordningen – Økte økonomiske rammer i 2014» og møte den 14. august 2014 mellom Samferdseldepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Tema for møte den 14. august var Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune sitt forslag til bruk av ekstra midlar til belønningsordninga for 2014.

Dette brevet er ei formell oversending av det forslaget som vart lagt fram og diskutert i møtet den 14. august 2014.

Forslag til bruk av ekstra midlar:

Opprusting av haldeplassar på stamlinene i Bergen, med sanntidsinformasjon og universell utforming.

På dei 6 bystamlinene i Bergen (sjå kart i vedlagte presentasjon) er omlag 140 av 200 haldeplassar ferdig opprusta (eit utval av desse er rusta opp med sanntidsinformasjon). Statens vegvesen arbeider med eit anbod for ca. 35 av dei resterande haldeplassane, der berre 5 til 7 er finansiert. Med ein estimert kostnad per haldeplass på 0,5 – 1 mill. kr. vil ei ekstra løyving på 25 mill. kr. gjere det mogleg å ruste opp 25 til 35 fleire haldeplassar med sanntidsinformasjon og universell utforming i 2014/2015.

Nytteverdi av tiltaket:

TØI har utarbeida «Veileder: Nyttekostnadsanalyse av enklere kollektivtransporttiltak. Revidert 2010 (TØI rapport 1121/2010)». Rettleiaren er ein metode for å berekne den nytte og dei kostnader eit tiltak har, målt i kroner.

For å rekne nytte av tiltaket er det tatt utgangspunkt i 26 konkrete haldeplassar som skal rustas opp med leskur (alle 26) og sanntid (11 stykk). Med utgangspunkt i talet på påstigande passasjerar på desse haldeplassane er det rekna på opplevd nytte knytt til leskur med sitteplass og sanntidsinformasjon. Grov berekning for dagens trafikantar viser ein samla årleg nytte på 3,5 mill. kr.

I tillegg vil ei oppgradering av haldeplassane føre til meir effektiv inn- og utkøyring og dermed redusert reisetid, og betre standard på haldeplassane vil venteleg bidra til fleire reisande. Det er ikkje rekna på nytte knytt til desse elementa i denne omgang.

Vi håper dette vert vurdert som eit godt tiltak for bruk av auka belønningsmidlar.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Presentasjon, datert 14. august 2014

Kopi til:

Bergen kommune v/byrådsavd. for byutvikling, klima og miljø

Postboks 7700